


Spinal stenose i korsryggen

Spinal stenose i korsryggen, det vil seie trang ryggmargskanal, er ei aldersrelatert slitasjeliding, som hos nær 10 % av innbyggjarane er årsak til ryggmerter, og eventuelt også smerter og redusert muskelkraft i beina. Ryggmerter på grunn av spinal stenose er vanlegast i 50-60 års alder, og førekomsten vil truleg auke med fleire eldre innbyggjarar. Konservativ behandling er tilstrekkeleg i dei fleste tilfelle, men operativ behandling kan vere aktuelt ved intense plager hos nøye utvalde pasientar. Ved operasjon blir strukturar som gir innsnevring og trykk på ryggmargen eller nerverøter fjerna, og i tillegg kan avstiving av virvlar vere aktuelt. Pasientar som blir opererte opplever ei tydeleg betring av funksjon, livskvalitet og arbeidsevne, men mange vil ha restplager etter operasjon.


Bakgrunn

Spinal stenose i korsryggen er definert ved hovud- eller bidiagnose M48.0, M43.1, M47.2, M99.3 eller M99.6 (ICD-10). Operativ behandling er definert ved diagnostisert spinal stenose i korsryggen og samtidig ein eller fleire av prosedyrekodane ABC07, ABC16, ABC26, ABC36, ABC40, ABC56, ABC66, ABC99, NAG34, NAG36, NAG44, NAG46, NAG54, NAG56, NAG64, NAG66, NAG74, NAG76, NAG94 og NAG96 (NCSP). Pasientar som er 18 år eller eldre er inkludert, med unntak for figur som viser kjønns- og aldersfordeling for opererte (alle aldrar).

Det er årleg i gjennomsnitt 3 200 operasjonar for behandling av spinal stenose i korsryggen per år i Noreg, og det utgjør 34 % av pasientane med diagnostisert spinal stenose som er i kontakt med spesialisthelsetenesta.



Samla tal operasjonar for spinal stenose i korsryggen, for heile landet i perioden 2012-2016. Pasientane er fordelt etter kjønn og i aldersgrupper.




Operasjonsrate: Tal operasjonar for spinal stenose i korsryggen per 100 000 innbyggjarar (18 år og eldre), fordelt på buområde. Ratane er justert for kjønn og alder. Søylen viser gjennomsnittsverdien per år for perioden 2012-2016 og er inndelt etter operert ved helseføretak eller avtalesjuehus som ligg i buområdet til pasienten, utanfor buområdet til pasienten eller operert ved anbodssjuehus eller hos avtalespesialist (uansett plassering).

Resultat

Det er dobbelt så vanleg med operasjon for spinal stenose i korsryggen i buområde Vestre Viken som i buområde Finnmark.

Tal operasjonar per innbyggjar varierer frå år til år i buområda, og ser ut til å auke litt på landsbasis. Prosentdel pasientar med spinal stenose som blir operert er høgast i buområde Stavanger (44 %) og lågast i buområde Finnmark (19 %).

Dei fleste blir opererte på offentlig sjukehus (89 %). I enkelte buområde er alle, eller mange av pasientane opererte på offentlig sjukehus i eit anna buområde, og i mindre grad ved anbodssjuehus eller avtalespesialistar (opp til 35 %).



Operasjonsrate: Tal operasjonar for spinal stenose i korsryggen per 100 000 innbyggjarar (18 år og eldre), fordelt på buområde og landet. Søylen viser gjennomsnittsverdien per år for perioden 2012-2016 og prikkane representerer ratar for kvart av åra. Ratane er justert for kjønn og alder.

Kommentar

Variasjonen i operativ behandling av spinal stenose i korsryggen er stor. Det føreligg ikkje kunnskap om ulik sjuklegheit som kan forklare forskjellane i bruk av operativ behandling, og variasjonen er karakterisert som uønska.

Det er også variasjon både i tal pasientar i kontakt med spesialisthelsetenesta, og i kor stor prosentdel av desse pasientane som blir opererte. Ein stor del av den observerte variasjonen reflekterer truleg både tilstanden sin kompleksitet, ein mangel på klassifikasjonssystem for tilstanden og retningslinjer for behandlinga. Dette gjer at vurdering av både tilvisnings- og operasjonsbehov i stor grad blir påverka av skjønn.